

# Skorpo friluftsområde

## Friluftsliv


Friluftsområdet har badevik, kystlednaust, handicap-tilpassa toalett og sandstrand for dei minste. Det er kai og fortøyningsboltar langsetter svaberga og stupebrett og badehus i nordre del av området. Frå kaien i Tednevågen kan du gå fine turar på smale stigar, sørover på Teistaneset eller innover på øya.

## Skjergardstenesta

Personellet og båtane til Skjergardstenesta passar på at friluftsområda vert stelte og sette i stand slik at dei alltid er attraktive for brukarane. I vinterseongen vert det utført vedlikehald og ulik tilrettelegging som oppsetting av nye toalett, bryggjer, stupebrett eller gangveggar.

Renovasjonsordningar i friluftsområda er ressurskrevjande og BOF har valgt å ikkje ha bosspann i Skorpo friluftsområde. Når du vitjer Skorpo, hjelp difor skjergardstenesta ved å ta med ditt eige boss heim. Då får vi meir tid til å vedlikehalde og ruste opp friluftsområda. Hugs og å ta med eingongsgrillen.

- Brukarane av friluftsområdet har rett til å gå langsetter nettet av stigar på eigedommen til Skorpo utvikling.
- Med telt kan du fritt overnatte same stad i utmark inntil to døgn i låglandet, men reis ikkje telt nærare enn 150 meter frå hus eller hytte.
- Ver varsam med eld, hugs at du ikkje skal tenne bål i nærleiken av skogsmark i tida 15. april til 15. september.
- Sett ikkje eingongsgrill direkte på bryggje, bert fjell eller gras.
- Dersom du lagar bål i strandkanten, ikkje legg bålplassen rett på svaberg slik at berget sprekk.
- I Os er det generell bandtvang etter hundelova f.o.m 1. april til 20. august.
- Respekter forbod mot båtar i badevikjo.
- Fortøyning ved kai i maks. 1 døgn.
- Hugs å ta med ditt eige boss heim!



## Historie

Skipsmeklar Fridtjof Sundt gjorde store pengar i åra rundt første verdenskrig. Mykje av midlane vart brukt på feriestedet på Skorpo. Skipsmeklaren bygde mellom anna musikkhall med eiga kjelebane.

I 1923 tek fagforeininga i posten opp eit lån på heile 75.000 kroner og kaprar Sundt-eigedommen føre nasen på andre organisasjonar. Ein hær av posttilsette har sanka ferieminner her, 5 - 6000 gjester var årleg innom Skorpo i toppåra.

I 2005 vart Badevikjo, Tednevågen, Tednøy og Teistaneset overtatt av BOF med tilskot frå Direktoratet for Naturforvaltning. Området er no offentleg friluftsområde, medan den austre delen av området med bygningsmassen skal utviklast vidare av private investorar.



Foto: UBB-billedsamlingen-Atlier KK

## Bergen og Omland Friluftsråd

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) vart etablert i 1937 og har til oppgåve å sikre, legge til rette og stå for dagleg drift av bade og friluftsområde i Bergensregionen. BOF forvaltar over 190 sjønære badeplassar og friluftsområde i 15 medlemskommunar.

Kontakt oss for meir informasjon om friluftsområde, badeplassar, hus i kystleia, turar langs kyststigar, uthamner og område for padling med havkajak og kano. Websidene våre har informasjon for kvar ein type friluftaktivitet, med detaljkart, bilete og brosjyrar.

**Bergen og Omland Friluftsråd**

Hellebakken 45, 5039 Bergen

Tlf. 55 39 29 50

Faks. 55 39 29 59

E-post: [Firmapost@bof.no](mailto:Firmapost@bof.no)

Nettsider: [www.bof.no](http://www.bof.no)